

FISKESONER SOM ER MED I "STANGFISKE I ÅL":

1A HALLINGDALSELVA, ÅL

OMRÅDE: Frå Vangebrua i vest til Tingvollfjorden i aust.
MINUS: Opsjø, som er eiga sone, sørsida av elva frå stasjonsbrua og vestover forbi bustadtomtene, nordsida av elva frå Bæra bru til Tingvollfjorden.
SESONG: 01.01 - 15.09

1B HALLINGDALSELVA, TORPO

OMRÅDE: Frå Tingvollfjorden i vest til Trillhus (grensa til Gol) i aust.
MINUS: -sørsida av elva frå Langholen i vest til Gol grense, og eit område nordvest for Tufteøyni.
SESONG: 01.01 - 15.09

2 OPSJØ

TILKOMST: Oppsjø grensar inn til idrettsplassen og Rv7 på nordsida. IKKJE gå over dyrka mark.
SESONG: 15.05 - 15.09

3 VESTÅSEN

OMRÅDE: Vatna Presttjørne, Klypetjørne, Øyetjørne, Butjørne, Hesttjern og Trolltjern.
TILKOMST: Til Presttjørne: Stig frå Dokki (mest nytta) eller stig langs elva Kulu der den kryssar Nysetvegen. Handicapvennleg fiskebrygge ved Hesttjern. Til Øyetjørne og Butjørne: Stig frå Svanset eller Bosset. Til Hesttjern og Trolltjern: Skogsbilvegen langs kraftlina. Kan køyrast både frå aust og vest.
SESONG: 01.01 - 19.09

4 FETJØRNI

TILKOMST: Køyr fjellvegen til Åsetno på Votndalsåsen. Følg skilta vidare.
TERRENG: Vatnet ligg i skogsterreng med mange fine fiskeplassar.
SESONG: 20.06 - 01.09

5 SVARTETJERN

TILKOMST: Køyr fjellvegen frå Liatoppen mot Åsetno.
TERRENG: Vatnet ligg i bjørkeskog med ein del myr, fine fiskeplassar.
SESONG: 20.06 - 01.09

6 VOTNA

OMRÅDE: Frå omlag 1 km aust for utløpet frå Vatsfjorden. Det er vanskeleg terreng i nedre delen av elva.
TILKOMST: Fylkesvegen mot Vats. Fleire stigar er merka frå vegen til elva.
SESONG: 15.05 - 19.09

7 BERGSJØKORTET

OMRÅDE: Over 20 vatn og tjern på eit felles fiskekort i Bergsjøområdet. Bergsjøen, Veslebergjøen, Krokttjørne V, Bukketjørne, Søre og Nordre Dyrebotntjørne, Bukketjørne V, Lomretjørne, Bleikrei, Øvre- og Nedre Eitretjørne, Hovdatjørne, Krokttjørne, Langtjørne, Storetjørne, Store Damtjørne, Veavegtjørne, Djupedalstjørne, Damtjørne, Nedre Damtjørne, Revtjørne, Tulletjørne, Lapptjørne
TILKOMST: Følg fylkesveg 244 mot Vats og køyr til Bergsjøområdet. Alt. II: Køyr fylkesveg 244 til Leveld og derifrå vegen mot Hemsedal til du kjem til avkjøringa til Reine og Eitrestølen.
TERRENG: Høgfjell.
SESONG: 01.06 - 15.09

11 FØDALEN STATSALLMENNING

OMRÅDE: Delar av Fødalvatnet, delar av store Klevavatnet, vesle Klevavatnet, Svartetjørne, Valevatnet, Steinevatnet, Jutulvatnet, Trollbotn, Systrandtjørne.
TILKOMST: Følg fylkesveg 244 mot Vats, fortset vegen til Toviken. Frå parkeringsplassen ved Mjølga/Toviki er det 1,5 - 3 timars gange.
TERRENG: Dette er eit vilt, vakker og urørt fjellområde der ein kan få store naturopplevingar utover fiske.
SESONG: 01.01 - 19.09

12 TOVIKEN

OMRÅDE: Strandsona langs Djupsvatnet mellom utløp Mjølga og utløp Fossebrekka, Fossebrekka frå austbreidda og Mjølga frå vestbreidda, nedre del av Store Klevavatnet.
TILKOMST: Som sone 11.
TERRENG: Høgfjell.
SESONG: 01.01 - 19.09

14 LYA

OMRÅDE: Elva Lya ned til Torsteinslåtta. Frå Kyleshamaren og nedover fiske kun på sørsida av elva.
TILKOMST: Fjellveggar frå Opheim og Votndalen.
FISKEKORT: Også sjølvbetjeningskasse der Lya kryssar vegen på Votndalsåsen.
TERRENG: Frå snau fjell til skogsterreng i dalsida.
SESONG: 20.06 - 01.09.

15 RØDUNGEN nord, Bergsjøområdet

TILKOMST: Fv 244 gjennom Vats og køyr til Bergsjøområdet.
TERRENG: Snau fjell/høgfjell.
SESONG: 20.06 - 19.09

16 RØDUNGEN sør, Sangefjell

TILKOMST: Køyr Rv. 7 til Kleivi i Ål, køyr der over brua og følg vegen til Sangefjell.
OMRÅDE: Lov å fiske berre vest for Sundet.
FISKEKORT: Også sjølvbetjeningskasse ved steintipp på Tullestølen.
TERRENG: I skogbeltet.
SESONG: 15.06 - 19.09

17 LAUVDALLEN

OMRÅDE: Klypestjern, Dammen, og Lauvdalsåne.
ATKOMST: Køyr til Leveld og ta av mot Hemsedal. Køyr til litt forbi Lauvdalen.
FISKEKORT: Også sjølvbetjeningskasse ved vegen litt forbi Lauvdalen.
TERRENG: Snau fjell/høgfjell.
SESONG: 15.06 - 15.09.

30: TORPO- OG OPHEIMSÅSEN

OMRÅDE: Buhovdvatnet, Langtjern, Breidsettjern, Steintjern og Lya opp til Kyleshamaren. Nordre Øknevatn.
ATKOMST: Ta av frå Rv7 mot Torpo. Ta av mot Opheim rett vis a vis Torpo stavkyrkje. Atkomst til vatna er merka med treskilt utforma som ein fisk.
FISKEKORT: Felles sjølvbetjeningskasse for desse tre sonene ved innkøyringa til fjellområdet, like før bommen.
SESONG: 15.06 - 19.09.

ØVRIGE FISKESONER I ÅL

33 ØVRE VATSFJORDEN

ATKOMST: Ta av riksveg 7 ved Gullhagen aust for Ål sentrum og køyr vegen mot Vats, ca.17 km. Lov å fiske vest for raud/kvit grensepåle.
FISKEKORT: Sjølvbetjeningskasse på husvegg vis a vis Hallingdal Natur og Miljøsenler, Vats.
FISKESESONG: Heile året.

34 SØRE REINE

OMRÅDE: Staurtjern, Smørtjern og Øksetjern
ATKOMST: Køyr til Leveld, og ta av mot Hemsedal. Sving av ved avkjøringa til Reine.
FISKEKORT: Sjølvbetjeningskasse på stølen Reine.
TERRENG: Snau fjell/høgfjell.
FISKESESONG: 20.06 - 19.09.

35 KVINDA

OMRÅDE: Sone 1 fra Rudhølen til - Jøtohølen, flusesone. Sone 2 fra Stokksennvatnet til Rudhølen, og frå Jøtohølen til Hallingdalselva.
TILKOMST: Via Kvinnegardslia til Holu, eller via Bakketjeigen.
TERRENG: Skogsterreng
SESONG: 01.06 - 19.09



ALLE FOTO: Trond Andersson

Hjå oss får du forslag til aktivitetar, turtips og informasjon om kva som skjer i Ål. Overnatting kan du og bestille hjå oss.

Me har fiskekort, kart, og postkort for salg.

Velkommen!



ÅL TURISTINFORMASJON

Ål kulturhus, tlf. 32 08 10 60

post@alturistinfo.no - www.al.no

HALLINGDALS STØRSTE UTVALG AV FISKEUTSTYR

Kolsrud Sport

Kolsrudsenteret: Tlf. 32 08 12 44 • Ålingen: Tlf. 32 08 14 55
3570 ÅL • www.kolsrudsport.no



Lekre designhytter rett ved Hallingdalselva, som er full av fisk. Høyt&Lavt klatrepark. 4H besøksgård. Stort lekeland. Restaurant, bar & lounge. www.feriepark.no

Hallingdal FERIEPARK *****



G-SPORT ÅL AS

Tlf. 32 08 25 73

SPORT Myren 18, 3570 Ål

Fullsortiments sportsbutikk midt i Myren handlegate ved Ålingen kjøpesenter. Velkommen innom!

Man-Tor: 10-17 Fre: 10-18 Lør: 10-15

- Gode turmuligheter på merka turstier og fjellveier
- Mange fine sykkelveier i lett terreng
- Fiske i mange fjellvann
- Uteområde med aktiviteter for barn og voksne
- Støler i drift i nærområdet

Tlf. 32 08 46 22 info@rodungstol.no www.rodungstol.no

Fiskehelg på Bergsjøstølen
- fyste helga i juli kvart år -

Garantert fisk, både på stong og garn. Resultatet skal analyserast og fisken etast. God stemning og godt selskap, konkurransar og kurs.

www.bergsjostolen.no

GENERELL FISKEINFORMASJON

Denne faldaren omfattar alle fiskeesonene i Ål. Dei sonene som er med i samanslutningen "Stangfiske i Ål" er med på ordninga med felles fiskekort for Ål. Desse er markert med raud farge og sonenr. 1-30. Dei andre fiskeesonene er markert med grøn farge og sonenr. 33, 34 og 35. Sonene omfattar mange ulike terreng, frå dalbotnen til høgfjellet. Vær merksam på at nokre vatn er delt mellom fleire soner eller delar av eit vatn ikkje er med på fiskekortordninga.

Salstader for fiskekort: Fiskekort til sonene som er med i "Stangfiske i Ål" kan kjøpast blant anna på desse stadene: Ål turistinformasjon, G-sport Ål, Kolsrud Sport, Statoil, Hallingdal Feriepark, Ål camping, Sataslåtten camping, Trillhus camping, Rødungstøl høyfjellshotell, Bergsjøstølen.

Til mange av fiskeområda i Ål kan du og kjøpe fiskekort på web. Sjå www.inatur.no. Til ein del fiskeesoner kan fiskekort og kjøpast på sms. Sjå gule oppslag der dette er mogeleg.

Nokre av sonene har også sal frå kasser i terrenget. For andre soner er det sal på stader nær fiskestadene og/eller på veg inn i sona.

Fiskesesong: Denne kan variere litt, sjå spesifiserte opplysningar på fiskekortet og her i brosjyra.

Vinterfiske/ pilking: Nokre av sonene som har røye er egna for pilking. Det gjeld Vatsfjorden, Rødungen Sør og Rødungen Nord. For fiske på islagte vatn kjøper du pilkekort.

Fiskeslag: Ørret i alle soner. Det er innslag av sik i sone 3 Veståsen og sone 30 Norde Øknevatn. Det er røye i sone 33 Øvre Vatsfjorden, sone 15 Rødungen nord og sone 16 Rødungen sør.

Tilkost og grenser: Sjå kart for dei enkelte sonene. Veg med betalingsbom inn til ein del av sonene.

Vasskraftregulering: Grunna reguleringa vil ein langs elvestrekningane kunne oppleve raske endringar i vassstanden.

HUNDEHALD: Me ber alle hundeeigarar om å vera klar over ansvaret sitt og halde hunden i band. DET ER BANDTVANG I ÅL FRÅ 1. APRIL TIL 31. OKTOBER.

ØREKYTE: Norsk: Elrise, Gørrkime, Gørrkyte, Gørsild, Gåleie, Kime, Kue, Kyte, Løje, Pøyt, Simen. Samisk: Geadge - noarsa. Svensk: Kvidd.

Ørekyta er den minste av karpfiskane våre. I inn- og utløpsbekkar vil ørekyta kunne dominere heilt, og dermed øydelegge desse som gyte- og oppvekstområde for anna fisk fordi rogn og yngel er den viktigaste næringskjelda til ørekyta. Ørekyte i fiskevatn er ei katastrofe for vedkommande vatn og vassdrag. BRUK DIFOR ALDRI ØREKYTE ELLER ANNA LEVANDE FISK SOM AGN! Spreiing av ørekyte har diverre skjedd bl.a. ved at folk har teke feil av ørekyte og ørret og teke med seg ørekyta til nye vatn i den tru at det var ørretyngel. Hugs at utsetjing av fisk berre må skje etter løyve frå Fylkesmannen si Miljøvernadvdeling.

FERDSEL: Så sant det er merka stigar - følg desse. UNNGÅ FERDSEL PÅ DYRKA MARK.

OPPSYN: Oppsynet vert utført av grunneigarar og personar med avgrensa politimynde.

SØPPEL/AVFALL: Ta dette med deg slik at det er ryddig til neste fiskar eller turgår kjem.

KULTIVERING: Delar av inntektene av fiskekortsalet går til kultiveringstiltak. Har de kommentarar til merking, rydding av vegetasjon eller anna kan de gje desse til Ål turistinformasjon.

KART: Skal du ut i framand natur/terreng bør du nytte gode kart. For områda me sel fiskekort til tilrår me desse karta i: * Veståsen/Sangefjell, * Reineskarvet, *Tur- og sykkelkart Hemsedal/Gol/Ål, *Geilo-Hemsedal, *Aurlandsdalen-Hallingskarvet. Andre kart kan også dekke delar av områda. Sjå og Bergsjøområdet sin sommarbrosjyre.

TIL KARTSKISSENE I BROSJYRA: Grensene er retningsgjevande. Eventuell merking i terrenget skal følgast sjølv om dette strir med karta i denne brosjyra.

KONTAKTINFORMASJON:
Ål turistinformasjon/ Ål Utvikling AS
Tlf. 32 08 10 60 / post@alturistinfo.no / www.al.no

Utgeve av Ål Utvikling AS og Stangfiske i Ål 06/2014.


Tlf. 32 08 10 60 - www.al.no



Ål Turistinformasjon



Ål kommune



Her finn du
Ål
Hallingdal!

SPORTSFISKE




SPORTSFISKE

ÅL

I HALLINGDAL



www.al.no



FISKESONER SOM ER MED I «STANGFISKE I ÅL»:

- 1A Hallingdalselva, Ål
- 1B Hallingdalselva, Torpo
- 2 Opsjø
- 3 Veståsen
- 4 Fetjørni
- 5 Svartetjern
- 6 Votna
- 7 Bergsjøkortet
- 11 Fødalen Statsalmenning
- 12 Toviken
- 14 Lya
- 15 Rødungen nord, Bergsjøområdet
- 16 Rødungen sør, Sangefjell
- 30 Torpo- og Opheimsåsen

ØVRIGE FISKESONER I ÅL:

- 33 Øvre Vatsfjorden
- 34 Søre Reine
- 35 Kvinda

Kartutsnittet vist i denne brosjyra har varierende målestokk, og er ikke egna å gå etter.

